

DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 1062/2010**2017/EØS/29/35****av 28. september 2010****om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av fjernsyn^(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR,

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU av 19. mai 2010 om merking av og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre ressursar⁽¹⁾, særleg artikkel 10, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Direktiv 2010/30/EU krev at Kommisjonen vedtek delegerte rettsakter med omsyn til merking av energirelaterte produkt som representerer eit viktig potensial for energiøkonomisering, og som har store skilnader i prestasjonsnivåa med tilsvarende funksjonalitet.
- 2) Elektrisitetsforbruket til fjernsyn utgjer ein stor del av det samla behovet for hushaldslektrisitet i Unionen, og det finst store skilnader i energieffektivitetsnivåa til fjernsyn med tilsvarende funksjonalitet. Energieffektiviteten til fjernsyn kan betrast vesentleg. Fjernsyn bør difor kome inn under krava om energimerking.
- 3) Det bør fastsetjast harmoniserte føresegner for korleis det skal opplystast om energieffektiviteten og -forbruket til fjernsyn ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysningar med sikte på å stimulere produsentane til å betre energieffektiviteten til fjernsyn, oppmuntre sluttbrukarane til å kjøpe energieffektive modellar, redusere elektrisitetsforbruket til desse produkta og medverke til at den indre marknaden fungerer godt.
- 4) Den samla verknaden av dei føresegnene som er fastsette i denne forordninga og i kommisjonsforordning (EF) nr. 642/2009 av 22. juli 2009 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/32/EF når det

gjelder krav til miljøvennlig utforming av fjernsyn⁽²⁾, kan utgjere ein reduksjon i det årlege elektrisitetsforbruket på 43 TWh innan 2020, jamført med ein situasjon der ingen tiltak vert gjorde.

- 5) Dei opplysningane som er oppførte på etiketten, bør byggje på pålitelege, nøyaktige og reproduerbare målemetodar som tek omsyn til dei nyaste allment sannkjende metodane, medrekna eventuelle harmoniserte standardar vedtekne av europeiske standardiseringsorgan som er nemnde i vedlegg I til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF av 22. juni 1998 om en informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter samt regler for informasjons-samfunnstjenester⁽³⁾.
- 6) Ved denne forordninga bør det fastleggjast ei einsarta utforming av og eit einsarta innhald på etiketten til fjernsyn.
- 7) I tillegg bør denne forordninga innehalde krav til den tekniske dokumentasjonen og til databladet for fjernsyn.
- 8) Denne forordninga bør dessutan omfatte krav til dei opplysningane som skal gjevast ved alle former for fjernsal og reklame og i teknisk salsfremjande materiell for fjernsyn.
- 9) For å oppmuntre til produksjon av energieffektive fjernsyn bør leverandørar som ønskjer å bringe i omsetning fjernsyn som oppfyller krava til høgre energieffektivitetsklassar, få lov til å nytte etikettar som viser desse klassane før den datoen det vert obligatorisk å vise dei.
- 10) Det bør fastsetjast føresegner om ny vurdering av denne forordninga for å ta omsyn til dei teknologiske framstega —

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 314 av 30.11.2010, s. 64, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 218/2012 av 7. desember 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 18 av 21.3.2013, s. 21.

(1) TEU L 153 av 18.6.2010, s. 1.

(2) TEU L 191 av 23.7.2009, s. 42.

(3) TEF L 204 av 21.7.1998, s. 37.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

for å fungere på rett måte og *berre* har følgjande funksjonar tilgjengelege på ubestemt tid:

Artikkel 1

Føremål

Ved denne forordninga vert det innført krav til merking av og oppføring av utfyllande produktopplysningar på fjernsyn.

a) reaktiveringsfunksjon, eller reaktiveringsfunksjon og berre ein indikasjon på at reaktiveringsfunksjonen er aktivert, og/eller

b) informasjons- eller statusvisning,

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i direktiv 2010/30/EU, nyttast. Vidare tyder:

7) «avslått tilstand» ein tilstand der utstyret er kopla til straumnett, men ingen av funksjonane er aktive; denne tilstanden omfattar òg:

a) tilstandar som berre viser at utstyret er i avslått tilstand,

b) tilstandar som berre tillét funksjonar som skal sikre elektromagnetisk kompatibilitet i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/108/EF⁽¹⁾,

1) «fjernsyn» ein fjernsynsmottakar eller ein fjernsynsskjerm,

2) «fjernsynsmottakar» eit produkt som hovudsakleg er utforma for visning og mottaking av audiovisuelle signal, som er bringa i omsetning under ei modell- eller systemnemning og som omfattar:

a) ein biletskjerm,

b) ein eller fleire kanalveljarar/mottakarar og valfrie tilleggsfunksjonar for lagring og/eller visning av data, til dømes DVD-spelar, harddisk (HDD) eller videobandspelar (VCR), anten i éi eining med innebygd skjerm eller i éi eller fleire frittstående einingar,

8) «reaktiveringsfunksjon» ein funksjon som gjer det mogleg å aktivere andre tilstandar, medrekna påslått tilstand, ved bruk av fjernbetening, medrekna fjernkontroll, innebygd sensor eller tidsur, til ein tilstand som gjev tilgang til ytterlegare funksjonar, medrekna påslått tilstand,

9) «informasjons- eller statusvisning» ein kontinuerleg funksjon som gjev informasjon om eller indikasjon på statusen til utstyret på ein skjerm, medrekna klokker,

3) «fjernsynsskjerm» eit produkt som er utforma for å vise videosignal frå ei rekkje kjelder på ein innebygd skjerm, medrekna fjernsynskringkastingssignal, som eventuelt kontrollerer og attgjev lydsignal frå ei ekstern eining, som er tilkopla gjennom standardiserte videosignalinngangar, medrekna standardane cinch (komponent, kompositt), SCART, HDMI og framtidige trådlause standardar (med unntak av ikkje-standardiserte videosignalinngangar som DVI og SDI), men som ikkje kan ta imot eller handsame kringkastingssignal,

10) «fabrikkinnstilt meny» eit sett fjernsynsinnstillingar som er førehandsdefinerte av produsenten, der brukaren av fjernsynet må velje ei viss innstilling første gongen fjernsynet vert teke i bruk,

4) «påslått tilstand» den tilstanden der fjernsynet er kopla til straumnett og produserer lyd og bilete,

11) «høgste luminansverdi» tilhøvet mellom høgste luminansverdi ved bruk av innstillinga til heimebruk eller i påslått tilstand, som innstilt av leverandøren, alt etter kva som høver, og høgste luminansverdi ved bruk av den innstillinga som gjev sterkast lys i påslått tilstand,

5) «innstilling til heimebruk» den innstillinga av fjernsynet som produsenten tilrår for normal heimebruk,

12) «utsalsstad» ein stad der fjernsyn vert stilte ut eller tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling,

6) «kviletilstand» ein tilstand der utstyret er kopla til straumnett, er avhengig av energitilførsel frå straumnett

13) «sluttbrukar» ein forbrukar som kjøper eller er venta å kjøpe eit fjernsyn.

⁽¹⁾ TEU L 390 av 31.12.2004, s. 24.

*Artikkel 3***Ansaret til leverandørane**

1. Leverandørane skal syte for at
 - a) kvart fjernsyn er utstyrt med ein prenta etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg V,
 - b) det vert utarbeidd eit produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg III,
 - c) den tekniske dokumentasjonen som er fastsett i vedlegg IV, på oppmoding vert gjort tilgjengeleg for styresmaktene i medlemsstatane og for Kommisjonen,
 - d) all reklame for ein viss fjernsynsmodell har opplysningar om energieffektivitetsklasse dersom reklamen inneheld opplysningar om energibruk eller pris,
 - e) alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss fjernsynsmodell som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til apparatet, inneheld opplysningar om energieffektivitetsklassen til denne modellen.
2. Energieffektivitetsklassane skal fastsetjast på grunnlag av energieffektivitetsindeksen som vert utrekna i samsvar med vedlegg II.
3. Formatet til etiketten som er fastsett i vedlegg V, skal nyttast etter følgjande tidsplan:
 - a) for fjernsyn som vert bringa i omsetning frå 30. november 2011, skal etikettar for fjernsyn i energieffektivitetsklasse
 - i) A, B, C, D, E, F, G vere i samsvar med nr. 1 i vedlegg V eller, når leverandørane finn det høveleg, med nr. 2 i det nemnde vedlegget,
 - ii) A+ vere i samsvar med nr. 2 i vedlegg V,
 - iii) A++ vere i samsvar med nr. 3 i vedlegg V,
 - iv) A+++ vere i samsvar med nr. 4 i vedlegg V,
 - b) for fjernsyn som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2014, i energieffektivitetsklasse A+, A, B, C, D, E, F, skal etikettane vere i samsvar med nr. 2 i vedlegg V eller, når leverandørane finn det høveleg, med nr. 3 i det nemnde vedlegget,

- c) for fjernsyn som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2017, i energieffektivitetsklasse A++, A+, A, B, C, D, E, skal etikettane vere i samsvar med nr. 3 i vedlegg V eller, når leverandørane finn det høveleg, med nr. 4 i det nemnde vedlegget,
- d) for fjernsyn som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2020, i energieffektivitetsklasse A+++, A++, A+, A, B, C, D, skal etikettane vere i samsvar med nr. 4 i vedlegg V.

*Artikkel 4***Ansaret til forhandlarane**

Forhandlarane skal syte for at

- a) kvart einskilt fjernsyn på utsalsstaden er påført den etiketten som leverandøren har utarbeidd i samsvar med artikkel 3 nr. 1, på framsida av fjernsynet, slik at han er godt synleg,
- b) fjernsyn som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå fjernsynet stilt ut, vert marknadsførte med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg VI,
- c) all reklame for ein viss fjernsynsmodell har opplysningar om energieffektivitetsklasse dersom reklamen inneheld opplysningar om energibruk eller pris,
- d) alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss fjernsynsmodell som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til apparatet, inneheld opplysningar om energieffektivitetsklassen til denne modellen.

*Artikkel 5***Målemetodar**

Dei opplysningane som skal gjevast i medhald av artikkel 3 og 4, skal byggje på pålitelege, nøyaktige og reproduserbare målemetodar som tek omsyn til dei nyaste allment sannkjende metodane, slik det er fastsett i vedlegg VII.

*Artikkel 6***Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål**

Medlemsstatane skal nytte den framgangsmåten som er fastsett i vedlegg VIII ved samsvarsvurdering av den opplyste energieffektivitetsklassen.

*Artikkel 7***Revisjon**

Kommisjonen skal vurdere denne forordninga på nytt i lys av den teknologiske utviklinga seinast fem år etter at ho tek til å gjelde.

*Artikkel 8***Overgangsføresegner**

Artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og e) og artikkel 4 bokstav b), c) og d) skal ikkje nyttast i prenta reklame og prenta teknisk salsfremjande materiell som vert offentleggjort før 30. mars 2012.

*Artikkel 9***Ikraftsetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 30. november 2011. Artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og e) og artikkel 4 bokstav b), c) og d) skal nyttast frå 30. mars 2012.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 28. september 2010.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG I

Energieffektivitetsklasse

Energieffektivitetsklassen til eit fjernsyn skal fastsetjast på grunnlag av energieffektivitetsindeksen (*EEI*) for apparatet, slik det er fastsett i tabell 1. Energieffektivitetsindeksen for eit fjernsyn skal fastsetjast i samsvar med nr. 1 i vedlegg II.

Tabell 1

Energieffektivitetsklassar til fjernsyn

Energieffektivitetsklasse	Energieffektivitetsindeks
A+++ (mest effektiv)	$EEI < 0,10$
A++	$0,10 \leq EEI < 0,16$
A+	$0,16 \leq EEI < 0,23$
A	$0,23 \leq EEI < 0,30$
B	$0,30 \leq EEI < 0,42$
C	$0,42 \leq EEI < 0,60$
D	$0,60 \leq EEI < 0,80$
E	$0,80 \leq EEI < 0,90$
F	$0,90 \leq EEI < 1,00$
G (minst effektiv)	$1,00 \leq EEI$

VEDLEGG II

Metode for utrekning av energieffektivitetsindeks og årleg energiforbruk i påslått tilstand

1. Energieffektivitetsindeksen (*EEI*) vert utrekna som $EEI = P/P_{ref}(A)$, der:

- $P_{ref}(A) = P_{basic} + A \times 4,3224 \text{ watt/dm}^2$,
- $P_{basic} = 20$ watt for fjernsynsmottakarar med éin kanalveljar/mottakar og ingen harddisk,
- $P_{basic} = 24$ watt for fjernsynsmottakarar med harddisk(ar),
- $P_{basic} = 24$ watt for fjernsynsmottakarar med to eller fleire kanalveljarar/mottakarar,
- $P_{basic} = 28$ watt for fjernsynsmottakarar med harddisk(ar) og to eller fleire kanalveljarar/mottakarar,
- $P_{basic} = 15$ watt for fjernsynsskjermer,
- A er det synlege skjermarealet uttrykt i dm^2 ,
- P er effektforbruket til fjernsynet i påslått tilstand, uttrykt i watt og målt i samsvar med vedlegg VII, og avrunda til éin desimal.

2. Det årlege energiforbruket E i påslått tilstand, uttrykt i kWh, vert utrekna som $E = 1,46 \times P$.

3. Fjernsyn med automatisk lysstyrkeregulering

Ved utrekninga av energieffektivitetsindeksen og det årlege energiforbruket i påslått tilstand, nemnt i nr. 1 og 2, vert effektforbruket i påslått tilstand slik det er fastsett i samsvar med framgangsmåten i vedlegg VII, redusert med 5 % dersom følgjande vilkår er oppfylte når fjernsynet vert bringa i omsetning:

- a) luminansen til fjernsynet ved bruk av innstillinga til heimebruk eller i påslått tilstand, som innstilt av leverandøren, vert automatisk redusert når omgjevnadslyset har ein styrke på minst 20 lux og 0 lux,
- b) den automatiske lysstyrkereguleringa vert aktivert i innstillinga til heimebruk eller i påslått tilstand, som innstilt av leverandøren.

—————

VEDLEGG III

Produktdatablad

1. Opplysningane i produktdatabladet for fjernsynet skal først opp i følgjande rekkjefølgje, og skal takast med i produktbrosjyren eller andre dokument som følgjer med produktet:
 - a) Namnet eller varemerket til leverandøren.
 - b) Modellnemninga til leverandøren, der «modellnemning» tyder koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss fjernsynsmodell frå andre modellar med same varemerke eller leverandørnamn.
 - c) Energieffektivitetsklassen til modellen i samsvar med tabell 1 i vedlegg I. Dersom fjernsynet er tildelt eit «EU-miljømerke» i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010⁽¹⁾, kan dette òg først opp.
 - d) Den synlege skjermdiagonalen, uttrykt i centimeter og tommar.
 - e) Effektforkbruk i påslått tilstand målt i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i vedlegg VII.
 - f) Det årlege energiforkbruket utrekna i samsvar med vedlegg II, uttrykt i kWh per år og avrunda til nærmaste heiltal, skal oppgjevast slik: «Energiforkbruk "XYZ" kWh per år, utrekna på grunnlag av effektforkbruket til eit fjernsyn som vert nytta fire timar per dag i 365 dagar. Det faktiske energiforkbruket er avhengig av korleis fjernsynet vert nytta.».
 - g) Effektforkbruket i kviletilstand og/eller avslått tilstand målt i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i vedlegg VII.
 - h) Skjermopløysinga uttrykt i fysiske horisontale og vertikale pikslar.
2. Eitt og same datablad kan omfatte fleire fjernsynsmodellar frå den same leverandøren.
3. Opplysningane i databladet kan gjevast i form av ein kopi av etiketten, anten i fargar eller i svart-kvitt. Når dette vert gjort, skal dei opplysningane som er oppførte i nr. 1, og som ikkje alt er påførte etiketten, òg først opp her.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

VEDLEGG IV

Teknisk dokumentasjon


Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav c), skal omfatte følgjande:

- a) Namnet og adressa til leverandøren.
 - b) Ein generell omtale av fjernsynsmodellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
 - c) Tilvisingar til eventuelle harmoniserte standardar som er nytta.
 - d) Eventuelle andre tekniske standardar og spesifikasjonar som er nytta.
 - e) Namnet på og underskrifta til den personen som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av leverandøren.
 - f) Prøvingparametrar for målingar:
 - i) omgjevnadstemperatur,
 - ii) prøvespenning uttrykt i V, og frekvens uttrykt i Hz,
 - iii) samla harmonisk forvrenging i elektrisitetsnettet,
 - iv) inngangsterminal for lyd- og videoprøvingssignal,
 - v) opplysningar og dokumentasjon om kva instrument, installasjonar og krinsar som er nytta i elektrisk prøving.
 - g) Parametrar for påslått tilstand:
 - i) effektforbruket uttrykt i watt og avrunda til éin desimal for effektmålingar opptil 100 watt, og til nærmaste heiltal for effektmålingar over 100 watt,
 - ii) eigenskapar ved det dynamiske videosignalet for kringkastingsinnhald som representerer eit typisk kringkastingsinnhald,
 - iii) rekkjefølgja av dei trinna som må gjennomførast for å oppnå eit stabilt effektforbruk,
 - iv) for fjernsyn med fabrikkinnstilt meny skal det opplysast om tilhøvet mellom høgste luminansverdi ved bruk av innstillinga til heimebruk og høgste luminansverdi ved bruk av den innstillinga som gjev sterkast lys for fjernsynet i påslått tilstand, uttrykt i prosent,
 - v) for fjernsynsskjermar skal det gjevast ein omtale av relevante eigenskapar ved den kanalveljaren som er nytta til målingane.
 - h) For kvar kviletilstand eller avslått tilstand:
 - i) effektforbruket uttrykt i watt og avrunda til to desimalar,
 - ii) målemetoden som er nytta,
 - iii) omtale av korleis tilstanden vart valt eller programmert,
 - iv) omtale av dei trinna som må gjennomførast for å kome i den tilstanden der fjernsynet automatisk endrar tilstand.
-

VEDLEGG V

Etikett

1. ETIKETT 1



a) Opplysningane nedanfor skal vere påførte etiketten:


- I. Namnet eller varemerket til leverandøren.
- II. Modellnemninga til leverandøren, der «modellnemning» tyder koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss fjernsynsmodell frå andre modellar med same varemerke eller leverandørnamn.
- III. Energieffektivitetsklassen til fjernsynet fastsett i samsvar med vedlegg I. Pila som viser energieffektivitetsklassen til fjernsynet, skal plasserast jamhøgt med pila som viser den aktuelle energieffektivitetsklassen.
- IV. Effektforbruket i påslått tilstand, uttrykt i watt og avrunda til nærmaste heiltal.
- V. Det årlege energiforbruket i påslått tilstand, utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II, uttrykt i kWh og avrunda til nærmaste heiltal.
- VI. Den synlege skjermdiagonalen, uttrykt i tomnar og centimeter.

For fjernsynsapparat med ein godt synleg avstengingsknapp, der effektforbruket ikkje er høgere enn 0,01 watt når knappen er i avslått tilstand, kan symbolet i nr. 5 punkt 8 påførast i tillegg.

Dersom ein modell er tildelt eit «EU-miljømerke» i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010, kan ein kopi av EU-miljømerket påførast i tillegg.


b) Etiketten skal utformast i samsvar med nr. 5.

2. ЕТИКЕТТ 2




- a) Opplysningane som er oppførte i nr. 1 bokstav a), skal vere påførte etiketten.
- b) Etiketten skal utformast i samsvar med nr. 5.

3. ETIKETT 3




- a) Opplysningane som er oppførte i nr. 1 bokstav a), skal vere påførte etiketten.
- b) Etiketten skal utformast i samsvar med nr. 5.

4. ETIKETT 4



- a) Opplysningane som er oppførte i nr. 1 bokstav a), skal vere påførte etiketten.
- b) Etiketten skal utformast i samsvar med nr. 5.

5. Etiketten skal utformast på følgjande måte:



Forklaringar:

- Etiketten skal vere minst 60 mm brei og 120 mm høg. Dersom etiketten vert prenta i eit større format, må innhaldet likevel ha dei proporsjonane som er oppførte ovanfor.
- For fjernsyn med skjermareal over 29 dm² skal bakgrunnen vere kvit. For fjernsyn med skjermareal på 29 dm² eller mindre skal bakgrunnen vere kvit eller gjennomsynleg.
- Fargane er CMYK — cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor):

1 **Kantlinje:** 3 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.

2 **EU-logo** — fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

3 **Etikettlogoar:**

farge: X-00-00-00.

Piktogram slik figuren viser: EU-logo og etikettlogo (til saman): breidd: 51 mm, høgd: 9 mm.

- ④ **Linje under logoane:** 1 pkt. — farge: 100 % cyan — lengd: 51 mm.
- ⑤ **Skala frå A til G**
- **Pil:** høgd: 3,8 mm, mellomrom: 0,75 mm — fargar:
 - Høgste klasse: X-00-X-00,
 - Andre klasse: 70-00-X-00,
 - Tredje klasse: 30-00-X-00,
 - Fjerde klasse: 00-00-X-00,
 - Femte klasse: 00-30-X-00,
 - Sjette klasse: 00-70-X-00,
 - Lågaste klasse: 00-X-X-00.
 - **Tekst:** Calibri feit skrift 10 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 7 pkt., versalar og kvit.
- ⑥ **Energieffektivitetsklasse**
- **Pil:** breidd: 26 mm, høgd: 8 mm, 100 % svart.
 - **Tekst:** Calibri feit skrift 15 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 10 pkt., versalar og kvit.
- ⑦ **Energi**
- **Tekst:** Calibri normal 7 pkt., versalar, 100 % svart.
- ⑧ **Logo på avstengingsknappen:**
- **Piktogram slik figuren viser: Kantlinje:** 1 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
- ⑨ **Tekst om effektforbruk i påslått tilstand:**
- **Kantlinje:** 1 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 14 pkt., 100 % svart.
 - **Andre linje:** Calibri normal 11 pkt., 100 % svart.
- ⑩ **Storleik på skjermdiagonalen til fjernsynet:**
- **Piktogram slik figuren viser**
 - **Kantlinje:** 1 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 14 pkt., 100 % svart. Calibri normal 11 pkt., 100 % svart.
- ⑪ **Tekst om årleg energiforbruk:**
- **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 25 pkt., 100 % svart.
 - **Andre linje:** Calibri normal 11 pkt., 100 % svart.
- ⑫ **Namnet eller varemerket til leverandøren**
- ⑬ **Modellnemninga til leverandøren**
- ⑭ **Namnet eller varemerket til leverandøren og modellopplysningar bør få plass i eit felt på 51 × 8 mm.**
- ⑮ **Referanseperiode**
- Tekst: Calibri feit skrift 8 pkt.
- Tekst: Calibri tynn skrift 9 pkt.
-

*VEDLEGG VI***Opplysningar som skal gjevast i tilfelle der det ikkje kan ventast at sluttbrukarane får sjå produktet stilt ut**

1. Dei opplysningane som er nemnde i artikkel 4 bokstav b), skal gjevast i følgjande rekkjefølgje:
 - a) energieffektivitetsklassen til modellen slik det er definert i vedlegg I,
 - b) effektforbruket i påslått tilstand i samsvar med nr. 1 i vedlegg II,
 - c) det årlege effektforbruket i samsvar med nr. 2 i vedlegg II,
 - d) den synlege skjermdiagonalen.
 2. Dersom det vert gjeve ytterlegare opplysningar i produktdatabladet, skal desse ha den forma og rekkjefølgja som er fastsett i vedlegg III.
 3. Alle opplysningane som er nemnde i dette vedlegget, skal prentast eller visast med ein storleik og ein skrifttype som gjer dei lette å lese.
-

VEDLEGG VII

Målingar

1. Når det gjeld samsvar og kontroll med at krava i denne forordninga er oppfylte, skal det nyttast pålitelege, nøyaktige og reproduserbare målemetodar som byggjer på dei nyaste allment sannkjende metodane, medrekna metodar som er fastsette i dokumenta der referansenummera er offentleggjorde for dette føremålet i *Tidend for Den europeiske unionen*.
2. **Målingar av effektforbruk i påslått tilstand som nemnt i nr. 1 i vedlegg II**
 - a) Allmenne vilkår:
 - i) Målingane skal gjerast ved ein omgjevnadstemperatur på 23 °C +/- 5 °C.
 - ii) Målingane skal gjerast ved bruk av eit dynamisk videosignal for kringkastingsinnhald som representerer eit typisk kringkastingsinnhald. Det som skal målast, er det gjennomsnittlege effektforbruket i eit samanhengande tidsrom på ti minuttar.
 - iii) Målingane skal utførast etter at fjernsynet har vore i avslått tilstand i minst éin time, straks avløynt av minst éin time i påslått tilstand, og dei skal avsluttast etter høgst tre timar i påslått tilstand. Det relevante videosignalet skal visast heile tida medan fjernsynet er i påslått tilstand. For fjernsyn som ein veit vert stabiliserte innan ein time, kan lengda på desse tidsromma reduserast dersom det kan påvisast at resultatet av målinga ikkje avvik med meir enn 2 % frå dei resultatata som ville ha vore oppnådde ved å nytte dei tidsromma som er nemnde her.
 - iv) Målingane skal gjerast med ei uvisse på mindre enn eller lik 2 % ved eit konfidensnivå på 95 %.
 - v) Målingane skal gjerast med funksjonen for automatisk lysstyrkeregulering deaktivert dersom fjernsynet har ein slik funksjon. Dersom funksjonen for automatisk lysstyrkeregulering ikkje kan deaktivertast på fjernsyn som har denne funksjonen, skal målingane utførast ved at sensoren for omgjevnadsllys mottok direkte lys med ein lysstyrke på minst 300 lux.
 - b) Vilkår for måling av effektforbruket til fjernsyn i påslått tilstand:
 - i) Fjernsynsmottakarar utan fabrikkinnstilt meny: Effektforbruket skal målast med fjernsynet i påslått tilstand som levert av produsenten, det vil seie at lysstyrkereguleringa til fjernsynet skal vere i den posisjonen som produsenten har stilt inn for sluttbrukaren.
 - ii) Fjernsynsmottakarar med fabrikkinnstilt meny: Effektforbruket skal målast når «innstilling til heimebruk» er valt.
 - iii) Fjernsynsskjermer utan fabrikkinnstilt meny: Fjernsynsskjermen skal vere kopla til ein høveleg kanalveljar. Effektforbruket skal målast når fjernsynet er i påslått tilstand som levert av produsenten, det vil seie at lysstyrkereguleringa til fjernsynsskjermen skal vere i den posisjonen som produsenten har stilt inn for sluttbrukaren. Effektforbruket til kanalveljaren er ikkje relevant for målingane av effektforbruket til fjernsynsskjermen i påslått tilstand.
 - iv) Fjernsynsskjermer med fabrikkinnstilt meny: Fjernsynsskjermen skal vere kopla til ein høveleg kanalveljar. Effektforbruket skal målast når «innstilling til heimebruk» er valt.
3. **Målingar av effektforbruk i kviletilstand / avslått tilstand som nemnt i nr. 1 bokstav g) i vedlegg III**

Målingar av effekt på 0,50 watt eller meir skal gjerast med ei uvisse på mindre enn eller lik 2 % ved eit konfidensnivå på 95 %. Målingar av effekt på mindre enn 0,50 watt skal gjerast med ei uvisse på mindre enn eller lik 0,01 watt ved eit konfidensnivå på 95 %.
4. **Målingar av høgste luminansverdi som nemnt i nr. 2 bokstav c) i vedlegg VIII**
 - a) Målingar av høgste luminansverdi skal gjerast med ein luminansmålar som måler på den delen av skjermen som viser eit heilt (100 %) kvitt bilete som er ein del av eit prøvebilete for ei «fullskjermprøving» som ikkje overstig det gjennomsnittlege biletnivået (APL) der luminansdrivarsystemet til skjermen set inn ei effektavgrensing.
 - b) Målingar av luminansverdi skal gjerast utan å forstyrre målepunktet til luminansmålaren på skjermen når det vert veksla mellom innstilling til heimebruk eller påslått tilstand, som innstilt av leverandøren, alt etter kva som høver, og den innstillinga som gjev sterkast lys i påslått tilstand.

VEDLEGG VIII

Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål

For å kontrollere at dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4, er oppfylte, skal styresmaktene i medlemsstatane nytte følgjande framgangsmåte for verifisering av effektforbruket i påslått tilstand i samsvar med nr. 1 i vedlegg II, og av effektforbruket i kviletilstand / avslått tilstand i samsvar med nr. 1 bokstav g) i vedlegg III.

1. Styresmaktene i medlemsstatane skal utføre prøving av éi einskild eining.
 2. Modellen skal reknast for å vere i samsvar med den verdien for effektforbruket i påslått tilstand som det er opplyst om, og dei verdiane for effektforbruket i kviletilstand og/eller avslått tilstand som det er opplyst om, dersom:
 - a) resultatet for effektforbruk i påslått tilstand ikkje overstig den opplyste verdien for effektforbruk med meir enn 7 %, og
 - b) resultatata for verdiane som viser effektforbruket i kviletilstand og avslått tilstand, alt etter kva som høver, ikkje overstig dei opplyste verdiane for effektforbruk med meir enn 0,10 watt, og
 - c) resultatet for høgste luminansverdi er over 60 %.
 3. Dersom dei resultatata som er nemnde i nr. 2 bokstav a), b) eller c), ikkje vert oppnådde, skal det utførast prøving av ytterlegare tre einingar av same modell.
 4. Etter at det er utført prøving av ytterlegare tre einingar av den same modellen, skal modellen reknast for å vere i samsvar med verdien for det effektforbruket i påslått tilstand som det er opplyst om, og med verdiane for det effektforbruket i kviletilstand og avslått tilstand som det er opplyst om, dersom:
 - a) gjennomsnittet av resultatata for dei tre siste einingane med omsyn til effektforbruk i påslått tilstand ikkje overstig den opplyste verdien for effektforbruk med meir enn 7 %, og
 - b) gjennomsnittet av resultatata for dei tre siste einingane i kviletilstand og avslått tilstand, alt etter kva som høver, ikkje overstig dei opplyste verdiane for effektforbruk med meir enn 0,10 watt, og
 - c) gjennomsnittet av resultatata for dei tre siste einingane med omsyn til høgste luminansverdi er over 60 %.
 5. Dersom dei resultatata som er nemnde i nr. 4 bokstav a), b) eller c), ikkje vert oppnådde, skal modellen reknast for ikkje å oppfylle krava.
-